



Alle kommunar i Hordaland

Dato: 01.10.2019
Vår ref.: 2019/17604-1
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.:

Oversyn over nye/nedlagte ungdomsskular med 10. trinn, skuleåret 2019/2020

Opplæringsavdelinga v/Inntakskontoret gir kvart år ut informasjon om vidaregåande opplæring til alle elevar i 10.klasse. Informasjonen blir formidla gjennom den einkilde skule – som kvar haust også rapporterer inn alle avgangselevane til oss. Dette blir gjort for at alle avgangselevar skal få tilsendt kodar/passord frå MinId slik at dei kan registrere søknad til vidaregåande opplæring.

For at vi skal nå alle elevar i 10. klasse, skuleåret 2019/2020 – og sjølvst og generell informasjon til skulane - ber vi om at din kommune gir melding om

- det er nye skular med 10. klasse i kommunen, både offentlege og private, skuleåret 2019/2020 (samanlikna med forrige skuleår). Vi er takksame for å få opplyst namn, adresse, telefonnummer og e-post adresse til den/dei aktuelle skulane
- det er skular i kommunen, offentlege og private, som ikkje har 10. klasse inneverande skuleår (samanlikna med forrige skuleår)

Vi ønskjer tilbakemelding om ovannemnde punkt **innan 25. oktober** til Eli Helen Rygg, på e-post: eli.helen.rygg@hfk.no.

Dersom kommunen ikkje har endringar i skulestrukturen for 10.klasse, ber vi likevel om at dette blir stadfesta ved å sende melding til ovannemnde.

Takk for hjelpa.

Med helsing

Elin Meyer Wikan
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.